

BYGGASSISTENTEN RISØY

Solåsen 2 H
5223 NESTTUN
Tlf.: (+47) 411 08 254
e-mail: gunnar.risoy@gmail.com

Alver kommune
Byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

SAK NR.: 20/1967 – 20/4305

Nesttun, den 06.04.2020

**VEDK.: RISØYVEGEN 109, G/Bnr. 81/3.
SØKNAD OM BYGGELØYVE.**

Ein viser til byggesøknad datert 24.11.2019 som var vedlagt brev datert 25.11.2019 (kopi av søknaden er og vedlagt dette brevet).

Etter avtale vart denne søknaden lagt til side i påvente av at søknader om naudsynte dispensasjonar var handsama/innvilga.

I brev datert 10.02.2020 har Alver kommune gjeve melding om at det er gjeve dispensasjonar både frå byggjeforbodet i strandsona og frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for det aktuelle området.


Vidare har kommunen i brev datert 25.02.2020 informert om at det er gjeve utsleppsløyve for reinsa avløpsvatn frå eigedomen.

I telefonsamtale med Anne Lise Molvik er det opplyst at fylkesmannen i Vestland ikkje har hatt noko å innvenda mot vedtaka.

Etter dette skulle det ikkje vera noko i vegen for å handsama byggesøknaden i samsvar med teikningar og anna underlag som er sendt inn tidlegare. (Søknad om utsleppsløyve datert 24.09.2019 og tilleggsinformasjon datert 25.11.2019).

Ein vil med dette be om at byggesøknaden vert handsama.

Med venleg helsing



BYGGASSISTENTEN RISØY

Vedlegg: Kopi av byggesøknad datert 24.11.2019